



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
Regionalavdelinga

GML

Det Kongelige Fiskeridepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO

FISKERIDEPARTEMENTET	
08. JAN. 2003	
SAKSNR	2002/95-46
TE	343.9

TE 3/2-03 GML

Sakshandsamar: Ingveig Holand Wahl tlf.dir.: 57 65 62 56 E.post: ingveig.holand.wahl@sf-f.kommune.no

Arkivkode
U40 &13

Vår ref.
Arkivsnr.: 02/03255
L.nr: 000245/03


Dykkar ref.


Dato
06.01.2003

**HØYRINGSNOTAT MED FORSLAG TIL SPEIELLE KVOTEORDNINGER FOR
FARTØY UNDER 28 METER SOM DELTAR I FISKERIER SOM ER UNDERLAGT
ADGANGSBEGRENSING**

Vedlagt finn de Sogn og Fjordane Fylkeskommune si fråsegn til "høyringsnotat med forslag til spesielle kvoteordninger for fartøy under 28 meter som deltar i fiskerier som er underlagt adgangsbegrensning". Saksutgreiing er og lagt ved.

Med helsing


Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør


Ingveig Holand Wahl
førstekonsulent



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
SENTRALADMINISTRASJONEN
Regionalavdelinga/Plan- og utviklingsseksjonen

Til Regionalavdelinga
v/Ingveig Holand Wahl
Her.

Sakshandsamar: Ingveig Holand Wahl tlf.dir.: 57 65 62 56 E.post: ingveig.holand.wahl@sf-f.kommune.no

Arkivkode
U40 &13

Vår ref.
Arkivsnr.: 02/03255
L.nr: 024022/02

Dykkar ref.

Dato
12.12.2002

MELDING OM VEDTAK

Fylkesutvalet gjorde i møte 11.12.2002 slikt vedtak i saksnr 0113/02.

Frå hovudutval for regional utvikling låg det føre slik tilråding til vedtak:
Hovudutval for regional utvikling rår Fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudmål med nye ordningar som skal innførast i kystflåten må vere å unngå overkapasitet i flåten. Det kan stillast spørsmål ved om det er rett å innføre ei driftsordning no, sidan dette kan vere med på å undergrave strukturordninga og kondemneringsordninga.
2. Innføring av ressursrente i form av ressursavgift bør vurderast, mellom anna for å unngå uforholdsmessig høg prising av rettar.
3. Strukturordninga bør innførast for fartøygruppene 15-21 meter og 21-28 meter.
4. Fylkesbinding bør falle bort. Dette er reglar som ofte fungerer fiktivt, sidan dei lett kan omgåast.
5. Finnmarksmodellen må gjelde likt i alle fiskeri og bør ligge i botn på ei eventuell innføring av drifts- og strukturordningar. Samfiske/ strukturering må berre tillatast innafor kvar lengdegruppe. Det bør ikkje vere mogleg å overføre kvote på tvers av lengdegrensene innafor ein kommune.
6. Dei er viktig å få til interne struktureringar innan lengdegruppene, slik at fiskarar innafor gruppa får nytte godt av dei ordningane som blir innført. I botn ligg her ønsket om ein stabil og variert flåtestruktur.
7. Ordningane må evaluerast etter fem år.

Endringsframlegg:

Saka vert utsett til 14.01.2003.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande vedtak:

Saka vert utsett til 14.01.2003.

Med helsing
Ellen Hamre *Ellen Hamre*
utvalssekretær FU



Sak folkevalde organ

FYLKESUTVALET

Saksnr.:	Møtedato:	Arkivsaksnr.:	L.nr.:	Arkivnr.:
0113/02	11.12.2002	02/03255	021210/02	U40 &13

Sakshandsamar: Ingveig Holand Wahl

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Hovudutval for regional utvikling	19.11.2002	0081/02
Fylkesutvalet	11.12.2002	0113/02

HØYRINGSNOTAT MED FORSLAG TIL SPESIELLE KVOTEORDNINGER FOR FARTØY UNDER 28 METER SOM DELTAR I FISKERIER SOM ER UNDERLAGT ADGAN

Hovudutval for regional utvikling rår Fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudmål med nye ordningar som skal innførast i kystflåten må vere å unngå overkapasitet i flåten. Det kan stillast spørsmål ved om det er rett å innføre ei driftsordning no, sidan dette kan vere med på å undergrave strukturordninga og kondemneringsordninga.
2. Innføring av ressursrente i form av ressursavgift bør vurderast, mellom anna for å unngå uforholdsmessig høg prising av rettar.
3. Strukturordninga bør innførast for fartøygruppene 15-21 meter og 21-28 meter.
4. Fylkesbinding bør falle bort. Dette er reglar som ofte fungerer fiktivt, sidan dei lett kan omgåast.
5. Finnmarksmodellen må gjelde likt i alle fiskeri og bør ligge i botn på ei eventuell innføring av drifts- og strukturordningar. Samfiske/ strukturering må berre tillatast innafor kvar lengdegruppe. Det bør ikkje vere mogleg å overføre kvote på tvers av lengdegrensene innafor ein kommune.
6. Det er viktig å få til interne struktureringar innan lengdegruppene, slik at fiskarar innafor gruppa får nytte godt av dei ordningane som blir innført. I botn ligg her ønsket om ein stabil og variert flåtestruktur.
7. Ordningane må evaluerast etter fem år.

Behandling/vedtak i Hovudutval for regional utvikling den 19.11.2002

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutval for regional utvikling rår Fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudmål med nye ordningar som skal innførast i kystflåten må vere å unngå overkapasitet i flåten. Det kan stillast spørsmål ved om det er rett å innføre ei driftsordning no, sidan dette kan vere med på å undergrave strukturordninga og kondemneringsordninga.
2. Innføring av ressursrente i form av ressursavgift bør vurderast, mellom anna for å unngå uforholdsmessig høg prising av rettar.
3. Strukturordninga bør innførast for fartøygruppene 15-21 meter og 21-28 meter.
4. Fylkesbinding bør falle bort. Dette er reglar som ofte fungerer fiktivt, sidan dei lett kan omgåast.
5. Finnmarksmodellen må gjelde likt i alle fiskeri og bør ligge i botn på ei eventuell innføring av drifts- og strukturordningar. Samfiske/ strukturering må berre tillatast innafor kvar lengdegruppe. Det bør ikkje vere mogleg å overføre kvote på tvers av lengdegrensene innafor ein kommune.
6. Det er viktig å få til interne struktureringar innan lengdegruppene, slik at fiskarar innafor gruppa får nytte godt av dei ordningane som blir innført. I botn ligg her ønsket om ein stabil og variert flåtestruktur.
7. Ordningane må evaluerast etter fem år.

Prenta vedlegg:

1. Statistikk henta frå høyringsnotat
2. Forslag til drifts- og strukturordningar for fartøy under 28 meter (utdrag frå høyringsnotatet)
3. Fråsegn frå Sogn og Fjordane fiskarlag til "høyringsnotat om forskrift for strukturavgift og tildeling av kondemneringstilskudd fra strukturfondet for fiskeflåten"
4. Fråsegn frå Sogn og Fjordane fiskarlag til "høyringsnotat om forslag til spesielle kvoteordningar for fartøy under 28 meter som deltar i fiskerier som er underlagt adgangsbegrensing". Vedtak frå Sogn og Fjordane fiskarlag, styremøte oktober 2002

Uprenta vedlegg:

1. Fråsegn frå fiskeridirektoratet sentralt, sjå http://www.fiskeridir.no/sider/notater/notater_og_utredninger.html
2. Høyringsnotat, sjå <http://odin.dep.no/archive/fidvedlegg/01/01/kvote030.pdf>

Saksframstilling**1. SAMANDRAG**

Fiskeridepartementet foreslår å innføre ei driftsordning og ei strukturordning for kystflåten. Med driftsordning meiner ein ordningar kor eigarar av fartøy mellombels kan utveksle kvotar, utan at noko fartøy vert teken ut av fiske. Med strukturordningar meiner ein ordningar kor eit fartøy kan få tilført kvote frå eit anna fartøy mot at det andre fartøyet blir teke ut av fiske permanent. Målsettinga med innføring av ei driftsordning er å "legge til rette for at den enkelte fartøyeier kan øke fleksibiliteten og effektivisere driften, ved at den enkelte selv kan definere sitt driftsgrunnlag i større grad enn dagens regler gir adgang til." Målsettinga med innføring av ei strukturordning er "å bidra til en langsiktig tilpasning av flåten til ressursgrunnlaget og et bedre driftsgrunnlag for det enkelte fartøy, ved å legge til rette for å redusere antall fartøy i gruppen". Fylkesrådmannen vil mellom anna tilrå å innføre strukturordninga, men er avventande til å innføre driftsordninga. Grunnen til dette er at driftsordninga kan kome til å minke effekten av ei strukturordning.

2. BAKGRUNN

Fiskeridepartementet har ute til høyring "høyringsnotat med forslag til spesielle kvoteordningar for fartøy under 28 meter som deltek i fiskeri som er underlagt adgangsbegrensning", kor dei foreslår innføring av to forskjellige ordningar for kystflåten, driftsordning og strukturordning. Høyringsfrist var først sett til 15 oktober, men etter søknad om utsetting har vi fått høyringsfrist 15 januar 2003. Bakgrunnen var at spesielt næringa såg dette som eit svært omfattande og komplisert forslag, som burde få ei forsvarleg handsaming i alle ledd. I tillegg har Fiskeridepartementet foreslått innføring av ei strukturavgift og tildeling av kondemneringstilskot. ("Høyringsnotat om forskrift for strukturavgift og tildeling av kondemneringstilskudd frå strukturfondet for fiskeflåten"). Høyringsfrist var sett til 15 oktober, og verken næring eller andre aktørar har fått utsett høyringsfrist. Forslaget om strukturfondet og kondemneringsordninga vil bli skildra i saksframlegget for å gje mest mogleg heilskapleg informasjon. Vedlagt ligg òg fråsegn frå Sogn og Fjordane fiskarlag på begge høyringsnotata.

Fiskeridepartementet foreslår i desse høyringsnotata å innføre tre ordningar for flåten under 28 meters lengde, som deltek i fiskeri som er underlagt adgangsbegrensning. Det er dei to første som no er til høyring.

- Driftsordning
- Strukturordning
- Strukturfond/ Kondemneringsordning

Kven er ordningane aktuelle for?

Ordningane skal gjelde adgangsbegrensa fiskeri for kystflåten under 28 meter. Driftsordninga blir foreslått å gjelde alle fartøy under 28 meter. Strukturordninga blir foreslått å gjelde enten fartøy mellom 15 og 28 meter eller mellom 21 og 28 meter. Kondemneringstilskotet blir foreslått å gjelde fartøy under den grensa som måtte bli vedtatt for strukturordninga. Figuren nedanfor syner korleis dette blir når det gjeld fiske på torsk, sei og hyse. (Sei og hysefiske har

tidlegare ikkje vore adgangsbegrensa, men har frå 1 november i år blitt en del av gruppe I i torskefiske.) Det er eit ønske om at strukturfond/ kondemneringsordning og strukturordning ikkje skal overlappe når det gjeld brukargrupper. Ein har her hatt blanda erfaringar når det gjeld strukturering av den større flåten.

Forslag til strukturtiltak

2002				Drifts- ordn.	Struktur- ordn.	Struktur- fond
Åpen gruppe	21 - 28 m Torsk	Lukket gruppe	Set Gr. II	X	X	
	15 - 21 m Torsk		Hyre Gr. II	X	?	?
	10 - 15 m Torsk		Torsk Gr. II	X		X
	< 10 m Torsk			X		X

Om forslag om innføring av driftsordning

Med driftsordning meiner ein ordningar kor fartøy mellombels kan utveksle kvotar, utan at nokre fartøy vert tekne permanent ut av fiske. Ein kan såleis "leige bort" ei kvote til ein annan fiskar for eit avgrensa tidsrom. Formålet med ei driftsordning vil være å leggje til rette for at den enkelte eigar av eit fartøy kan auke fleksibiliteten og effektivisere drifta, gjennom at den enkelte sjølv kan definera sitt driftsgrunnlag i større grad enn kva dagens reglar legg opp til. Ordninga vil bli regulert i forskriftsform og regulert gjennom det offentlege.

Departementet foreslår å nytte seg av finnmarksmodellen i organisering av ordninga. Finnmarksmodellen vart innført for å oppretthalde ein differensiert flåte når det gjeld storleik. I modellen finn ein fire lengdegrupper; 0-10 meter, 10-15 meter, 15-21 meter og 21-28 meter. Det er egne gruppekvoter innafor kvar gruppe. Departementet foreslår at det ikkje skal vere mogleg å overføre kvotar mellom dei fire lengdegruppene. Ein vil likevel gjere eit unntak for overføring mellom fartøy som er heimehørende i same kommune. Her vil det i følgje departementet sitt forslag ikkje vere nokon avgrensing på overføring mellom dei fire lengdegruppene.

Utteksling av kvotar vil gjelde for eitt år av gongen, og det er ikkje mogleg å utveksle den same kvoten i meir enn tre år i løpet av ein periode på fem år.

Hovedregelen er at kvotar på fartøynivå skal fordelast med utgangspunkt i "dei deltakande fartøy". Kvote kan fordelast som fartøykvotar eller som maksimalkvotar. Fartøykvote inneber eit garantert kvantum, mens ei maksimalkvote inneber eit største kvantum eit fartøy kan fiske, men gjer ingen garanti for at ein får fiska heile kvantumet, om gruppekvota vert oppfiska. Ordninga med maksimalkvotar blir nytta i fiskeri kor utnyttingsgraden varierer

sterkt mellom aktørane. Hovedregelen er såleis ei kvote per fartøy. Ordningar som enhetskvote, strukturordning og driftsordning er såleis unntak frå denne regelen.

Om forslag om innføring av strukturordning

Med strukturordning meiner ein ordningar kor eit fartøy kan få tilført kvote frå eit anna fartøy mot at det andre fartøyet blir teke ut av fiske permanent. Kvoten vil enten bli tidsavgrensa eller permanent, mot at det skjer ei avkorting av kvoten etterkvart. Målsettinga med strukturordninga er å bidra til ei langsiktig tilpassing av flåten til ressursgrunnlaget og eit betra driftsgrunnlag for det enkelte fartøy, ved å legge til rette for å redusere tal fartøy i gruppa. Om ordninga blir innført ned til 15 meter vil ein dele inn i to lengdegrupper, men i så fall vil det ikkje vere nokon avgrensing mellom lengdegruppene innan ein kommune.

Om forslag om innføring av strukturfond/ kondemneringstilskot

Med strukturfond/ kondemneringsordning meiner ein ei ordning som skal gje kondemneringstilskudd for å kjøpe fartøy ut av fisket. Fiskeridepartementet har foreslått at heile fiskeflåten skal betale avgift til strukturfondet og at den vert sett til 0,7 eller 0,8 prosent av fangstverdien, avhengig av kven som blir med i ordninga. Bakgrunnen er her både ein forventa overkapasitet i åra som kjem og ønske om eit auka driftsgrunnlag for dei som blir igjen.

Om geografiske bindingar

Vi har i dag geografiske bindingar i fisket på torsk, hyse og sei. (Gruppe I) Alle andre formar for fiskeri i kystflåten er ikkje regulert av geografiske bindingar. Målsettinga med bindingane er å oppretthalde ei geografisk differensiert kystflåte. I vedlagde høyringsnotat har fiskeridirektoratet (sentralt) og Sogn og Fjordane fiskarlag ulike syn når det gjeld fylkesbinding. Norges fiskarlag har lenge vore prinsipielt imot fylkesbinding, men har ikkje fått gjennomslag for dette. I det siste har ein begynt å debattere om fiskarar i sør skal kreve fylkesbinding på fiskeri som er spesielt knytt til flåten i Sør-Norge, til dømes makrellfiske. Fiskeridirektøren meiner at fylkesbinding bør vurderast innført og innan pelagisk fiske og seinot.

Kreative og tålmodige kjøparar vil ofte kunne finne vegar å omgå regelverket på. Dette skjer ved at ein endrar adresse på bustad, skatteforhold etc.

Aktuell statistikk

Tabell 4.2 på side 8 i høyringsnotatet gjer eit godt innblikk i ulike kombinasjonar av deltakaradgangar og lengdegrupper. Vedlegg 1 i høyringsnotatet syner det same, men då og fylkesvis. Tabell 4.3 på side 10 i høyringsnotatet syner tal fartøy og tal deltakaradgangar fordelt på regionar og lengdegruppe. Denne tabellen syner at kombinasjonsfiske er mest vanleg på Vestlandet, og aller mest vanleg i Sogn og Fjordane. Forholdet deltakaradgang/fartøy er i Sogn og Fjordane 1.92, mens landsgjennomsnittet er på 1,28.

Fråsegn frå Sogn og Fjordane fiskarlag

Årsmøte i Sogn og Fjordane fiskarlag tok opp strukturspørsmål og gjorde vedtak den 19-20 april 2002. Fråsegn til departementet sitt forslag vart gjort i styremøte den 24 oktober 2002.

Fiskarlaget går inn for b e ordningane, men har nokre innvendingar. Fiskarlaget er oppteken av at geografiske bindingar b r bort. Det same gjeld spesielle reglar for utveksling av kvotar p  tvers av lengdegrensene innan ein kommune. N r det gjeld driftsordninga meiner dei at det er viktig   bygge p  finnmarksmodellen, slik departementet foresl r. Innan strukturordninga meiner fiskarlaget at ein ikkje b r ha m glegheit til   sl  saman meir enn to kvotar. Departementet foresl r at ein kan sl  saman tre. Andre krav er at ordninga b r evaluerast etter fem  r.

Fr segn fr  Fiskeridirektoratet, sentralt

Fiskeridirekt ren foresl r   innf re ei ressursrente, i form av ei ressursavgift. Han vil og anbefale   innf re ei strukturordning for dei to fl tegruppene 15-20,9 meter og 21-28 meter. Strukturkvoten b r gjevast permanent mot ei avkorting umiddelbart p  om lag 20 prosent, som skal tilfelle fl tegruppa. Fiskeridirekt ren vil og anbefale   oppretthalde fylkesbindingane, og innf re tilsvarande innan andre typar fiskeri. Han vil ikkje anbefale   tillate overf ring av kvote p  tvers av lengdegrensene, og innan ein kommune. Fiskeridirekt ren vil ikkje ha tak p  tal kvotar som kan takast ut gjennom strukturordninga. Fiskeridirekt ren meiner vidare det er viktig at eit fart y som det overf rast kvote til m  ha tilgjenge til det aktuelle adgangsbegrensa fiskeriet. Fiskeridirekt ren vil frar  at driftsordninga blir innf rt no sidan dei vil redusere effekten av strukturordninga og kondemneringsordninga. Han meiner at driftsordning kan vere aktuelt   vurdere p  sikt n r strukturordninga har fungert over ei tid.

3. VURDERING OG KONSEKVENSAR

Fiskeridepartementet skriv i h yringsnotatet at "det kan ikke benektes at s rlig driftsordninger har likhetspunkter med omsettelige kvoter, all den stund enhver kvoteutveksling vil bety at adgangen til   fiske et gitt kvantum overf res fra en fisker til en annen, for en kortere eller lengre periode. Omsettelige kvoter er imidlertid ikke en del av reguleringsystemet og skal heller ikke innf res som en indirekte effekt av driftsordningene. Det kan derfor v re grunn til   ha en relativt streng regulering av bruken av driftsordninger for   sikre at retten til   fiske, og   ha sitt inntektsgrunnlag fra fiskeriet, forbeholdes aktive fiskere i tr d med deltakerloven og ikke blir overf rt til passive "kvoteforvaltere" som har som n ring   utveksle kvoter de en gang har blitt tildelt".

Fiskeridepartementet skildrar driftsordninga som "midlertidig utveksling av kvoter". Det er vanskeleg   sj  dette som noko anna enn leige av kvotar. Om ein opnar for   fortsette leigeavtalen etter at dei fem  ra har g tt (kvoten kan berre leigast bort tre av fem  r), kan det n rme seg kva man kan sj  p  som sal av kvotar.   nytte ord som utveksling og bytte er etter fylkesr dmannen si meining ei "forsk j nning" av r ynda. Fiskerettane i adgangsbegrensa fiskeri har verdi fordi fisket er begrensa. Ein konsekvens av regelverk og praksis i fiskeridirektoratet har i alle  r vore at fiskarar innan adgangsbegrensa fiskeri kan selje fart yet sitt med kvote til h gstbydande. K par m  s kje om   overta deltakarretten, men dette er i dei fleste h ve ein formalitet. Her er det liten forskjell mellom havfiskefl ten og kystfl ten. I havfiskefl ten kan dette sj ast p  som enklare sidan deltakarretten her ofte er knytt til ein konsesjon. I kystfl ten m  kombinasjonen b t, fiskar og fiskar sin aktivitet vere i samsvar med regelverket. Sal av kvote foreg r dif r i dag. Utfordringa er som departementet skriv   unng  passive "kvoteforvaltere" og   oppretthalde ei differensiert

flåte. Ordningar som er blitt foreslått for å bøte på desse problema er innføring av ressursrente. Ein stor kvotekonsentrasjon på enkelthender bør utløyse ein slik debatt. Fiskeridirektøren har i si fråsegn foreslått ei slik ressursrente, i form av ei ressursavgift. Han meiner at eit signal om innføring av ei slik ressursrente bør sendast ut no, sidan dette sannsynlegvis vil minke prisane på rettane.

Fiskeridirektoratet argumenterer for at driftsordninga vil kome til å undergrave strukturordninga. Fleire moment ved driftsordninga vil faktisk kunne føre til kapasitetsauke. Driftsordninga vil kunne føre til at kvotar som i dag ikkje blir brukt eller fullt utnytta vil bli utveksla, og slik mobilisere kapasitet.

Havfiskeflåten har gjennomgått ei strukturering dei seinare år. Ei ordning som har vore nytta i denne samanheng er enhetskvoteordninga. Havfiskeflåten kan og nytte seg av ei ordning som minnar om driftsordninga, rederikvoteordninga, men då etter at dei har gått inn i eit enhetskvotesamarbeid. Slik driftsordninga er forslått frå fiskeridepartementet kan det sjå ut som om driftsordninga vil fungere meir liberalt i kystflåten enn i havfiskeflåten. Løysinga i havfiskeflåten er valt med bakgrunn i dårleg erfaring med å innføre rederikvoteordning saman med enhetskvoteordninga.



GML

Fiskeridepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 OSLO

FISKERIDEPARTEMENTET
30. JAN. 2003
SAKSNR. 2002/95-74
ARKIV

TE 3/2-03 GML

Arkivkode
U40 &13

Vår ref.
Arkivsnr.: 02/03255
L.nr: 001893/03

Dykkar ref.

Dato
29.01.2003

HØYRINGSNOTAT MED FORSLAG TIL SPESIELLE KVOTEORDNINGER FOR FARTØY UNDER 28 METER SOM DELTAR I FISKERIER SOM ER UNDERLAGT AVGRENSA ADGANG

Vi viser til motteke høyringsnotat med forslag til spesielle kvoteordningar for fartøy under 28 meter som deltek i fiskeri som er underlagt avgrensa adgang.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev slik samrøystes fråsegn til høyringsnotatet:

1. Hovudmål med nye ordningar som skal innførast i kystflåten må vere å unngå overkapasitet i flåten. Det kan stillast spørsmål ved om det er rett å innføre ei driftsordning no, sidan dette kan vere med på å undergrave strukturordninga og kondemneringsordninga.
2. Innføring av ressursrente i form av ressursavgift bør vurderast.
3. Strukturordninga bør innførast for fartøygruppene 15-21 meter og 21-28 meter.
4. Fylkesbinding bør falle bort. Dette er reglar som ofte fungerer fiktivt, sidan dei lett kan omgåast.
5. Finnmarksmodellen må gjelde likt i alle fiskeri og bør ligge i botn på ei eventuell innføring av drifts- og strukturordningar. Samfiske/ strukturering må berre tillatast innafor kvar lengdegruppe. Det bør ikkje vere mogleg å overføre kvote på tvers av lengdegrensene innafor ein kommune.
6. Det er viktig å få til interne struktureringar innan lengdegruppene, slik at fiskarar innafor gruppa får nytte godt av dei ordningane som blir innført. I botn ligg her ønsket om ein stabil og variert flåtestruktur.

7. Ordningane må evaluerast etter fem år. ”

Dette til orientering!

Med helsing

Nils R. Sandal

Nils R. Sandal
fylkesordfører

Kopi:

Sogn og Fjordane fiskarlag, Gate 1 nr 60, 6700 Måløy
Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune
Hovudutval for regional utvikling